



Styre

Styret har i året 2005 vore samansett slik:

Leiar	Arnstein Brevik
Nestl.	Nils Tore Leivdal
Sekretær	Magnar Almberg
Kasserar	Pål Kristiansen
Styremedl.	Torgeir Bergfald

Musikalsk leiar har vore Helge Husby.

Det har vore 3 styremøte.

Aktivitet

Laget har stort sett hatt øvingar ein til to gonger i månaden. Øvingsstad har som oftast vore Halså barne- og ungdomsskule. Oppmøtet på øvingane har vore noko variabelt, frå tre-fire til bortimot det dobbelte på det likaste. Ein kan difor, utan å ta for hardt i, seie at det framleis er eit visst behov for rekruttering. Men her må det nemnast at laget no har fått med to svært unge og flinke utøvarar, nemleg Runhild Heggem og Thea Vikavoll. Dette er gledeleg.

Kappleik

Fylkeskappleiken for 2005 var lagt til Ørsta. Laget deltok i C-klassa for fele med Runhild Heggem, i pardans med Kirsty McKinnon og Rune Hanem, i vokalklassa med Helge Husby og i lagspel for fele med komp. Dansarane strauk like godt av stad med førsteplassen i si klasse, Runhild tok tredjeplassen og Helge andreplassen i klassane sine medan det vart ein femteplass i lagspelet. Her vart det rett nok sagt at det var uvanleg jamt og at berre få poeng skilde fleire av laga.

Andre arrangement og spel

Laget arrangerte, i lag med *UL Ottar Birting*, ei ny samling for born og unge på Tingvoll den 5. mars. Det vart gjeve undervisning i fele, trekkspel, dans og song. Sjølv om talet på deltakarar var noko lågare enn den første gongen, vart det likevel ei svært vellukka samling. Seinare på kvelden vart det arrangert ein ny *folkemusikkpub* på Tingvoll Brygge. Dei frammøtte fekk mange varierte musikalske godbitar og ein triveleg kveld.

Den 8. mai var laget med på ei markering av hundreårsminnet for unionsoppløysinga. Dette arrangementet fann stad i forsamlingshuset på Leite i Straumsneset, og vi hadde innslag i lag med Straumsnes songlag og dansarane frå Tingvoll, i tillegg til ein del slåttar ”på eigen kjøll”.

Som vanleg var laget sin nestleiar ”primus motor” i samband med den årlege Nordmørskvelden i Innerdalen. Dette arrangementet vart heldt siste helga i september.

Elles tek ein med at laget og var med på eitt av kulturarrangementa i samband med samanslåinga av kommunane Aure og Tustna. Tilstelningane gjekk føre seg den første helga på nyåret 2006, og vi var med i Sør-Tustna forsamlingshus den 8. januar. For å sette ein spiss på det heile fekk vi denne gongen med oss nyvalt ordførar i den samanslåtte kommunen, Hans Lauritzen, på kontrabass.

14. januar 2006

For styret i Nordmøre spel- og dansarlag

Arnstein Brevik